

*Søknad om*

**SKJENKELØYVE**

*Rettleiing til utfylling av søknaden*

## 1. LØYVETYPE

Kommunen skal ha informasjon dersom det er endringar i verksemda, for eksempel ny dagleg leiar eller nye eigarar eller eigartilhøve. Dersom verksemda er overdratt, skal informasjon om den tidlegare eigaren fyllast ut.

## 2. DEN SOM SØKJER LØYVE

*Fyll ut enten punkt A eller punkt B.*

Den som søker løyve, er «den som driv verksemda for si rekning». Dette kan enten vere ein fysisk person (punkt A) eller ein juridisk person som t.d. eit ansvarleg selskap, eit aksjeselskap eller ein samskipnad (punkt B). Vedkomande er direkte ansvarleg for dei økonomiske og juridiske pliktene knytta til drifta av verksemda (jf. alkl. § 1-4b).

Løyvehavar, dagleg leiar og personar som har vesentleg innverknad på verksemda, må ha vist uklanderleg vandel i høve til alkohollovgjevinga og føresegna i anna lovgjeving som har samanheng med formålet til alkoholloven samt skatte-, avgifts- og reknskapslovgjevinga.

## 3. EIGARTILHØVET VED SKJENKESTADEN

*Fyll ut punkt A og ev. punkt B.*

A. Her skal ein oppgi oppbygginga av det reelle, underliggjande eigartilhøvet; den formelle strukturen er ikkje avgjerande. Det vurderast konkret kven som har den faktiske innverknaden over drifta, og både direkte og indirekte eigarskap reknast med.

B. Her skal ein oppgi ev. opplysningar om personar som formelt ikkje er eigarar av driftsselskapet, men som likevel får ein vesentleg del av inntektene frå skjenkestaden. Det vil seie at vedkomande har rett på inntekt, uavhengig av kva slags grunnlag dette byggjer på. Det er ikkje avgjerande om inntekta er utdelt eller motteken.

## 4. STYRAR

Kvart løyve skal ha ein fysisk person som styrar som må godkjennast av kommunen. Vedkomande må ha fylt 20 år og elles vere tilsett ved skjenkestaden eller ha ein vesentleg del av inntektene derifrå i form av eigarstilling. Sjølvstendige oppdragstakarar kan derfor ikkje oppnemnast som styrar (eller nestleiar - punkt 5).

Som styrar kan ein berre utpeike den som har styringsretten over skjenkjinga, rett til å instruere tilsette og som er ansvarleg for å føre tilsyn med handhevinga av løyvet. Døme på ein slik person er hovmeisteren, men det er det reelle tilhøvet og ikkje det formelle, som t.d. tittel, som er avgjerande.

Styrar og nestleiar må ha utvist uklanderleg vandel i høve til alkohollovgjevinga. Det er ikkje eit krav til nestleiar om uklanderlig vandel i høve til skatte-, avgifts- og reknskapslovgjevinga.

Styraren og nestleiar må kunne dokumentere kunnskap om alkohollova med føreskrifter. Kravet om kunnskap er oppfylt ved bestått kunnskapsprøve (Sjå forskrift om omsetjing av alkoholholdig drikk mv. § 5-1).

## 5. NESTLEIAR FOR STYRAR

Ved kvart løyve skal det også oppnemnast ein fysisk person som nestleiar for styraren, som må få kommunal godkjenning. Vedkomande må ha fylt 20 år og elles ha slik tilknytning til drifta som nemnt for styraren, samt ha tilsvarande dokumentert kunnskap om alkohollova (punkt 4). Når styrar er fråverande ligg pliktane til styraren på nestleiar, og denne har såleis mellombels ansvar for skjenkinga (jf. alkl. § 1-7c).

## **6. SKJENKESTADEN**

Oppgi organisasjonsnummer som skjenkestaden eller selskapet som driv staden, har fått ved registrering av føretaket i Einingsregisteret (Brønnøysund). Organisasjonsnummeret står oppgitt på firmaattesten.

Under driftskonsept skal ein orientere om kva slags tilbod staden har til gjestane. Ein skal gjere greie for typen verksemd, t.d. om staden er ein pub, kafeteria, spiserestaurant, diskotek, overnattingsstad eller anna. Har staden ein spesiell stil/profil, skal ein gjere nærmare greie for det, t.d. etnisk/film/internett e.l., samt at ein oppgir ev. underhaldning. Like eins skal ein gi ei beskriving av stadens utforming, ev. plassering av bar, meny og øvrige tilbod. Vidare skal ein opplyse om kva slags gjestar tilbodet er retta mot, t.d. fastbuande, turistar, kurs- og konferansar, ungdom, vaksne osb. Dersom staden blir presentert med ulike konsept på ulike tider av døgnet, må ein oppgi dette.

Skjenkeretten er differensiert, og kan innehalde éin, fleire eller alle typar drikke med alkoholinnhald.

Ein kan gi løyve på vanlege vilkår, dvs. at skjenking er tillate til alle som oppfyller krava i lova. Alternativt kan ein gi løyve berre til gjestar i slutta selskap (jf. alkl. § 4-2, 2. ledd).

Eit tildelt løyve er avgrensa til ein fastsett type versemnd, og kan berre utøvast i fastsette, godkjende lokale. Løyvet fell bort når verksemda ikkje lenger blir driven i dei same lokala som lå til grunn for løyvet. Det vil seie at flytting av verksemda og vesentlege endringar av karakteren til skjenkestaden, t.d. frå spisestad til pub eller diskotek, krev nytt løyve (jf. alkl. § 4-2, 3. ledd).

Innandørs må ein oppgi kvart einskilt rom der ein ønskjer å skjenkje. Utandørs må ein gi ein omtale av heile området, så som areal på bakkeplan, ev. terrasse, tilkomst, plassering i høve til hovudbygget, omgivnader osb. For at utandørsområdet skal godkjennast for skjenking, må det vere heilt fysisk avdelt med t.d. rekkverk, gjerde eller port, slik at det ikkje er tvil om kva for eit område ein søker løyve for.

## **7. EIGAR AV DEN FASTE EIGENDOMEN**

Her skal ein gjere greie for kven som er eigar av den faste eigedomen/bygninga der skjenkestaden er lokalisert.

## **8. TILKNYTNING TIL ANNA VERKSEMD FOR SENTRALE PERSONAR**

Dersom nokon av personane som er nemde under punkta 2-5 ovanfor.

- \* har eigd/kontrollert eller drive andre føretak
- \* har vore styreleiar, dagleg leiar eller nestleiar i andre føretak,

skal ein oppgi stillinga til vedkomande, namnet på føretaket og skattekommune der verksemda er driven.

Det skal ikkje opplysast om forhold som er lengre tilbake i tid enn 10 år, da desse ikkje er å sjå som relevante.

**tets**

## **9. VENTA OMSETNAD AV ALKOHOLHALDIG DRIKK PER ÅR**

Alle løyvehavarar skal betale eit gebyr for å oppretthalde skjenkeretten. For utrekning av gebyret skal det opplysast om kor mange liter alkohol verksemda venter omsett. Oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol sendast inn etter kommunen sin frist, jf. § 6-3 i forskrift om omsetnad av alkoholhaldig drikk mv.

### **VEDLEGG som bør følgje søknaden:**

1. For alle selskap som er involverte i drifta av skjenkestaden, skal det leggjast ved attest som viser at firmaet er registrert (Brønnøysund).
2. Skatteattest for søkjar, eigar og andre med vesentleg innverknad over verksemda, basert på skjema RF-1244 fastsett av skattedirektoratet.
3. Planskisse over skjenkearealet innandørs og ev. utandørs. Skissa skal vere påført mål og vise plassering av bar/serveringsdisk. For utandørs servering skal plassering i forhold til omgjevningane visast og korleis området er avgrensa.
4. Dokumentasjon på korleis styrar og nestleiar er tilknytta skjenkestaden.
5. Stadfesta kopi av attesten til dagleg leiar og nestleiar på kunnskapsprøva.
6. Bruksløyve frå bygningsmyndigheita.
7. Utskrift av aksjeeierbok med samtlege involverte aksjonærar, med eigartilhøvet stadfesta av selskapets revisor.
8. Kopi av Meldeskjema til Mattilsynet, med stadfesting.
9. Stadfesting frå MVA-manntallet (Fylkesskattekontoret).
10. Dokumentasjon av at tilsette er registrert i NAV arbeidsgiver- og arbeidstakerregisteret og har lovleg arbeidskontrakt, samt at det er teikna yrkesskedeforsikring for desse (forsikringsselskapet).
11. Adkomstdokument med råderett over lokalet, t.d. skjøte, leiekontrakt etc.
12. Plan for finansiering.
13. Drifts- og likviditetsbudsjett.
14. Rutiner for internkontroll